

Per Kristensen

Dato	22.05.2026
Vår referanse	2026/4-510
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Karl Inge Nygård
E-post	Karl.Inge.Nygard@skyss.no
Telefon	93088971

Krav om innsyn i årlege totalkostnadar for fylkeskommunen - drift av ferje og hurtigbåtsamband

Vi viser til kravet om innsyn.

Det er bedt om innsyn i kostnader knytt til eitt ferjesamband og eitt hurtigbåtsamband. Dette er enkeltsamband som inngår i større kontraktar der vi kun har pris på kontraktsnivå.

For sambandet Skjersholmane-Ranavik har vi eit modellert kostnadstal som vi kan informere om. Modellen som er nytta for å kome fram til kostnadstalet er som følgjer: Kostnadene på kontraktsnivå er fordelt på bakgrunn av prosentvis rutekilometer produsert pr. samband i kontrakten (rutepakken). Det modellerte kostnadstalet for sambandet er kr. 182 059 658 pr. år i 2026 kroner.

For hurtigbåtsambandet mellom Sunnhordland og Kvinnherad har vi ikkje tilsvarende modellert kostnadstal.

Avslaget kan klagast på, i samsvar med reglane i Offentleglova §32. Klagefrist er 3 veker frå mottak av dette brevet. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune for vurdering og eventuell vidaresending til klageinstans, som er Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Karl Inge Nygård
leiar
MOK-SK - Kontrakt

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift